

Høyringsfråsegn til endringar i åndsverkslova

Norwegian Unix User Group (NUUG)

1. oktober 2011

1 Feil i høyringsnotatet

Først vil vi påpeike ein del feil i høyringsnotatet. Vi har valt å skilje faktafeil frå meiningar ved å ta opp dei mest graverande feila i eit eige kapittel.

Det er ikkje alltid ulovleg å dele materiale verna av opphavsrett over internett utan løyve frå opphavsmannen. Privatkopiering er lov, anten det føregår over internett, på diskett eller kopimaskin. For kopiering v bøker er det òg lov å få hjelp frå ein tredjepart.

Skildringa av bittorrent ser ut til å ha vore skriven for meir enn seks år sidan. Det har skjedd mykje sidan då. Protokollen vart utvida i 2005 slik at tracker-funksjonen er like distribuert som sjølve fildelingsfunksjonen.¹ Ein tracker er difor ikkje lenger naudsynt for å få tak i innhaldet, og ein klient treng ikkje registrere seg hjå ein tracker for å laste ned ei fil. Fjerning av materiale frå ein tracker, blokkering av ein tracker eller liknande vil berre hindre nedlasting for brukarar som ikkje har oppgradert programvaren sin på mange år, og ikkje treffe nokon som driv fildeling i stor skala.

På side 8 står det at The Pirate Bay fungerer som tracker, men trackeren til The Pirate Bay vart nedlagt 17. november 2009.² Då hadde trackeren etter deira meining utspelt si rolle.

Det er ikkje naudsynt å ha torrent-filene på nett heller (sidan 2005). Bittorrent-klienten kan bruke ei enkel lenke (magnet-lenke) til å finne innhaldet på tilsvarende måte som tracker-funksjonen er distribuert. Sidan 2007 har det eksistert utvidingar for å distribuere søk og indeksar på same måte (Qubit til Azureus, Tribler, etc). Dette har gjort The Pirate Bay og tilsvarende nettstader overflødige for å spreie innhaldet, men dei er framleis mykje brukt til å diskutere innhald og til å promotere nytt innhald.

På side 34 står:

[...] de fleste privatpersoner har dynamiske IP-adresser. Etersom slike IP-adresser er i stadig endring, vil det ikke være mulig å bruke opplysningene til for eksempel å gjøre en mer allmenn kartlegging av hva den aktuelle personen har gjort på internett.

¹http://en.wikipedia.org/wiki/BitTorrent_%28protocol%29#Distributed_trackers

²<http://thepiratebay.org/blog/175>

Ei datamaskin eller internett-tilkopa eining vil som regel be om å få attende same IP-adresse som sist neste gong ho vert slått på, og vil få ho attende med mindre det har teke so lang tid at adressa har vorte utlevert til nokon andre i mellomtida.

Ei datamaskin som kontaktar nettet gjennom ein router, vil få adressa til denne routeren som synleg adresse på internett. Dette gjeld brukarar som til dømes har eigne trådlousrouterar, men òg dei fleste Telenor-kundar, sidan deira ADSL-modem har innebygd router-funksjonalitet. Dette vil seie at desse brukarane ikkje vil få nye IP-adresser før desse routerane restartast, noko som ofte kun skjer ved straumbrot.

Når dei siste to avsnitta sjåast i samanheng, vil det seie at heile hushaldningar kun vil få nye IP-adresser etter lange straumbrot eller ved å la routeren/ADSL-modemet vere avslått i fleire timar. Dette kan resultere i at ein i praksis har den same IP-adressa i mange år, sjølv om ein har ei dynamisk IP-adresse. Ei dynamisk IP-adresse er difor ofte veileigna til å kartleggje kva ein person har gjort på internett over lang tid. Vi må heller ikkje gløyme dei som har fast IP-adresse.

2 Generell åtvaring

Ein sannsynleg og alvorleg konsekvens av for streng sensur og rettslege trugsmål mot fildelarar er at dei tek forholdsreglar. Det kan til dømes vere å bruke ein anonymiserande protokoll oppå internett som skjuler både kven som er avsendar og mottakar av informasjon. Mot dei er IP-adresser verdilaus informasjon.

Fordelen med anonymiserande nett som Tor, I2P, Freenet og liknande er at dei kan brukast på innsida av land med svært strenge sperrer mot nettet utanfor. Protokollane ser tilsynelatande ut som vanleg internett-trafikk, og slepp gjennom sjølv dei kinesiske og iranske brannmurane. Dermed kan personar i undertrykkande regime kommunisere med verda utanfor utan risiko for å bli oppdaga av styresmaktene.

Problemet er at det florerer svært ulovleg innhald på desse netta. Eit nett der det er heilt umogleg å spore opp kvar innhald kjem frå, og kven som lastar det ned, vil trekkje til seg alle typar innhald som er forbode i ulike land, og ofte kriminelt i dei fleste land.³ Det gjer slike nett ekstra spanande for unge fildelarar som eigentleg berre ville laste ned ein film eller ei plate utan å risikere å få politiet på døra. I tillegg til film og musikk kan dei til dømes laste ned pornografi med aktørar på sin eigen alder. Få 13-15-åringar ville installert slik programvare for å få tak i det kriminelle innhaldet, men gjerne for å få sett dei siste filmane og få den siste musikken før klassekameratane.

Før vi går for langt i sensur og jakt på fildelarar, må vi spørje oss om vi verkeleg ynskjer at ungdomen skal flykte til friare nett der ordensmakta ikkje har nokon kontroll.

³<http://www.anonymous-proxies.org/2009/12/from-end-of-internet-to-darknet-and.html>,
http://www.procysive.com/info_wp/Beware_the_Darknet.pdf

3 Til dei ulike framlegga

3.1 Utlevering av identitet i andre land

Den svenske IPRED-lova må sjåast i samanheng med at Sverige er eit av mange land som ikkje har implementert Datalagringsdirektivet. Internett-tilbydarane loggar so lite dei kan og slettar loggar so fort det er praktisk mogleg. Lova krev ikkje logging, og utan koplinga kan ikkje internett-tilbydarane identifisere kunden. IPRED-lova får difor få konsekvensar.⁴ I Noreg vert identiteten lagra i seks månader, og ei lov om utlevering av identitet får difor mykje større konsekvensar.

Den franske Hadopi-lova har òg få verknader i praksis. Internett-leverandørar i Frankrike lét gjerne vere å sende ut Hadopi-brev til kundane sine. Lova krev at kundane skal få brev gjennom internett-leverandøren, men det er ikkje straffbart å la vere å sende ut slike brev. Når kunden ikkje får brev, får dei heller ikkje åtvaringane dei har krav på før dei kan sperrast, og kan då ikkje sperrast.⁵

3.2 Utlevering av identitet

Opphavsrettsindustrien er kjend for å bruke svært lite treffsikre metodar i jakta på fildelarar. Metodane treff ganske tilfeldig og kan lures til å rapportere uskuldige⁶. Det må gjelde strenge krav til dokumentasjon av metodar som vert brukt for å identifisere IP-adresser som deltek i fildeling. Metodane må vere godkjende på førehand i ein offentleg prosess slik at ein ikkje risikerer utlevering av identiteten til uskuldige abonnentar. Det kan òg vere vanskeleg å skilje mellom lovleg og ulovleg fildeling. Ein må verifisere at materialet som vert delt, er verna av gyldig opphavsrett i Noreg, at kjelda er ulovleg, og at den som krev utlevering av identitet, eig opphavsretten til materialet i Noreg.

Ein utanlandsk dissident som bloggar frå Noreg, vil kanskje halde identiteten sin skjult for å verne seg sjølv og familien som framleis bur i heimlandet. Dersom regimet i heimlandet klarar å avsløre i IP-adressa hans, til dømes med ei lure-lenke i ein privat kommentar, og fabrikkjerer ei sak om brot på opphavsretten, kan dei få identiteten hans utlevert. I verste fall set det familien i heimlandet i livsfare. Dersom identitetar bak IP-adresser skal delast ut, må det leggjast til grunn strenge krav til prov etter på førehand godkjende metodar, og prova må innhentast av ein uavhengig instans. Ideelt må kunden få høve til å uttale seg på førehand, slik at spesielle tilhøve kan komme fram og takast med i den rettslege vurderinga av om identiteten skal utleverast. NUUG ser at dette kan vere vanskeleg av omsyn til sikring av prov, og nettopp difor er det særskilt viktig at tvilen er minst mogleg før identifisering. I tillegg er det naturleg at identiteten til sensitive institusjonar som krisesenter, asylmottak, helseinstitusjonar og skular, og personar med sperra identitet eller adresse, vert skjerma mot utlevering.

⁴<http://sverigesradio.se/sida/Artikkel.aspx?ProgramId=1646&artikel=3128697>

⁵<http://torrentfreak.com/french-isp-refuses-to-send-out-hadopi-file-sharing-warnings-101007/>

⁶Why My Printer Received a DMCA Takedown Notice http://dmca.cs.washington.edu/dmca_hotsec08.pdf

Føremålet med å innhente identiteten til abonnenten med IP-adresse som kan ha vore brukt til fildeling, må vere å kunne ta vidare steg for å sikre prov. Elles fell heile grunngevinga for å vente ein måned med å varsle abonnenten etter at identiteten er utlevert. Kven som eig abonnementet som hadde ei gitt IP-adresse på eit gitt tidspunkt, er ikkje prov på at noko ulovleg har føregått eller kven som eventuelt har gjort det. Dersom identitetsopplysningane i staden vert brukte til å sende ut brev med krav om erstatning eller trugsmål om søksmål, er det eit klårt brot på vilkåra for utlevering. Brev med krav og trugsmål er eit stort problem i andre land, og mange vel å betale av frykt for å få datautstyr konfiskert og å hamne i retten for å forsvare seg mot falske påstandar.⁷ NUUG meiner at alle opplysningar om identiteten til den mistenkte må slettast idet opphavsrettsinnehavar bestemmer seg for å ikkje sikre vidare prov frå abonnenten eller abonnenten vert opplyst om at identiteten har vorte utlevert. Likeeins må IP-adresser som ein ikkje har tenkt å gå til retten for å identifisert, slettast snarast praktisk råd. NUUG meiner at to veker er ein passande frist for å anten gå til retten og be om utlevering av identitet eller slette IP-adressa frå registeret. Dette er mellom anna viktig for å skjerme mot omfattande kartlegging av nettvane til enkeltpersonar som ein seinare ber om å få utlevert identiteten til.⁸

3.3 Konesjon

Departementet hevdar at det er gode grunnar til å opne for å lagre IP-adressene til mistenkte lovbrutarar utan konesjon fordi det ikkje vil vere hensiktsmessig om Datatilsynet skal gi konesjon i kvart enkelt tilfelle. I neste avsnitt kan vi lese at “antallet som gjennomfører selve behandlingen er begrenset”. Det er avgrensa tal konesjonar som skal gjevast, og det er snakk om sensitive personopplysningar. Grunngevinga er etter vår meining ikkje god nok til at ein bør gjere unnatak frå kravet i personopplysningslova §33 om konesjonsplikt for handsaming av sensitive personopplysningar. Handtering av spesielt sensitive data som kan brukast til å kartleggje nettvane til enkeltpersonar, i tillegg til at dei vedkjem personar som er mistenkte for lovbrøt, må etter vår meining underleggjast krav om konesjon med strenge vilkår.

3.4 Blokkering i andre nordiske land

Etter gjennomgangen av tilstanden i dei andre nordiske landa noterer vi oss at tenarane til The Pirate Bay framleis står i Sverige, er ved god helse og korkje er sletta eller blokkerte trass mange forsøk i retten. Det har heller ikkje, etter det vi kjenner til, komme framlegg om lover som vil tillate slik sensur i Sverige i framtida. Sverige er fullverdig EU-medlem og difor bunde av dei same EU-direktiva som Noreg. Vi spør oss difor om EU-direktivet om opphavsrett faktisk krev blokkering eller sletting av heile nettstader, eller om det er implementert andre løysingar i andre land som ikkje er diskutert her.

⁷Advokatfirma sender brev med pengekrav og trugsmål om rettssak til 30000 internett-brukarar <http://torrentfreak.com/30000-internet-users-to-receive-file-sharing-cash-demands-091125/>

⁸Sjå feil om dynamiske IP-adresser i første kapittel

Det kan innvendast at forsøka på å blokkere The Pirate Bay i Sverige til no har vore lite seriøse, og at opphavsrettsinnehavarane heller har fokusert på å få maksimal erstatning i rettssaker. Verka som er omtalt i saka, er ikkje blokkert i Google-søk innanfor thepirate-bay.org, og Google pleier å vere raske med å fjerne treff frå resultatlista dersom dei får melding om at resultatet bryt opphavsretten. Fjerning av resultatata frå Google ville ført til færre nedlastingar og mindre erstatning til opphavsrettsinnehavarane, og det er difor ikkje sikkert at blokkering har vore eit reelt mål.

3.5 Blokkering

3.5.1 Teknisk

Påstanden om at eit bittorrent-nettverk er avhengig av sentrale nettsider for tracker- og indekstenester er feil, og baserer seg på den forelda skildringa av bittorrent-protokollen.⁹

Ingen former for sensur er effektive eller treffsikre, og fleire vil gjere større skade enn gagn. Til dømes vil DNS-blokkering av The Pirate Bay gjere ei enorm samling av fritt tilgjengeleg kultur tungvint å nå for norske brukarar. Artistar, forfattarar og kunstnarar som har valt å bruke The Pirate Bay til å spre verka sine til publikum, vert sensurert mot sin vilje. Brukarar som omgår sensuren, får samstundes oppheva barnepornofilteret, kanskje utan at dei ynskjer det.

DNS-blokkering er trivielt å omgå. Blokkeringa av The Pirate Bay i Danmark slo i praksis av det danske barnepornofilteret fordi svært få brukar DNS-tenarane til danske internett-tilbydarar lenger. Lovgjevar bør vurdere om oppheving av barnepornofilteret er ein akseptabel konsekvens. I tillegg fører DNS-blokkering til svært mange falske positive. Det meste av innhaldet på The Pirate Bay er lagt der med godkjenning av opphavsrettsinnehavarane, for å promotere plater og filmar, og vert like mykje sperra som det som ligg der utan godkjenning. Det ulovlege innhaldet som folk søker på, kan uansett finnast gjennom søkemotorar som indekserer The Pirate Bay. Det som vert råka av ei sperre, er materiale som artistar, forfattarar og filmskaparar har lenka til direkte.

IP-blokkering vil neppe medføre vesentleg fleire falske positive enn DNS-blokkering. The Pirate Bay indekserer per i dag 3 578 781 torrent-filer. Berre ein brøkdel av desse er påstått å lenke til innhald som vert delt ulovleg.

Innhaldsblokkering er heilt klårt mest treffsikkert. Som høyringsteksten nemner, er innhaldsblokkering like lett å omgå som DNS- og IP-blokkering, mellom anna med kryptering (standard i dei fleste bittorrent-klientar), men vil gi færrest falske positive. Ein kombinasjon av DNS-/IP-blokkering og innhaldsblokkering, der internett-leverandøren kan påleggjast å sensurere sider med gitt innhald frå gitte nettstader (til dømes søkemotorar), vil vere treffsikkert og relativt effektivt, so lenge kunden ikkje krypterer trafikken. I tillegg vil det vere veldig dyrt.

Det er ikkje realistisk å blokkere innhald heilt. Det beste ein kan få til er å gjere det vanskelegare å få tak i innhaldet, men sjølv det er ikkje veldig effektivt. Den naturlege reaksjonen til ein brukar som ikkje får tak i det han vil ha, er å søke etter innhaldet, og

⁹Sjå første kapittel

då vil brukaren finne det likevel. Ei blokkering er difor berre ein symbolsk reaksjon, men å tillate ein slik reaksjon, ein sensur av internett, vil ha alvorlege prinsipielle fylgjer.

3.5.2 Avgrensing av sensuren

Kva gjer ein med andre utanlandske nettstader som inneheld ein eller fleire kopiar av nettstaden som skal blokkerast? Til dømes har The Internet Archive (archive.org) 945 kopiar av thepiratebay.org tekne på ulike tidspunkt frå 2004 og utover, med magnet-lenker til innhald som kan vere lagt der med eller utan aksept frå opphavsrettsinnehavaren. Her er det snakk om meir omfattande medverknad til tilgjengeleggjering enn det thepiratebay.org står for, samstundes som archive.org har eit samfunnsnyttig føremål som eit slags nasjonalbibliotek for internett. Blokkering av archive.org vil utvilsamt vere eit uforholdsmessig inngrep i informasjonsfridomen, samstundes som ei blokkering av thepiratebay.org er verdiløus utan at dei 945 kopiane på archive.org òg vert blokkerte. Det verkar som departementet har eit veldig forenkla syn på blokkering, effekten av blokkering og tilhøvet til ytringsfridomen. Vi er i ferd med å innføre sensur av internett, som har store prinsipielle verknader utan at det har nokon praktisk effekt i det heile. Difor etterlyser vi alternativ til blokkering, som dei tydelegvis praktiserer i m.a. Sverige. Opphavsrettsinnehavarane kjem ikkje til å vere nøgde, og det kjem heller ikkje dei som er interesserte i å sensurere anna innhald. Til dømes kan Norsk Tipping hevde at dei tapar ei krone i inntekt for kvar krone nordmenn brukar på ulovlege utanlandske spel på internett, og forlange at slike sider vert blokkerte på same måte, samt krevje å få utlevert identiteten til mistekte ulovlege spelarar slik at dei kan sikre prov og krevje erstatning. Anna ulovleg materiale som ein kan ha interesse av å få kontroll over, er ulovleg pornografi og prostitusjon, blasfemi, hat og politiske ytringar vi ikkje likar. Det første steget mot sensur er prinsipielt viktig. Når sensuren viser seg å ikkje ha nokon positiv effekt, fryktar NUUG at neste steg vert å utvide sensuren framfor å avvikle han.

Vi er samde i at eit varsel-og-fjern-system både vil avgrense informasjonsfridomen og sannsynlegvis vil bli misbrukt. Misbruk er utbreidd i land som har innført det. Over halvparten av krava Google mottok om å fjerne søketreff kjem frå konkurrentar.¹⁰ Mellom anna av den grunn er det veldig viktig å kontrollere kven som eig opphavsretten til alt materialet på ein nettstad som kan bli offer for blokkering, og ta med alle på høyring om korvidt det ligg der lovleg eller mot deira vilje.

3.6 Treparskonfliktar

Det ofte er mange fleire enn tre partar i slike saker. Opphavsrettsinnehavarar som har valt ein nettstad som distribusjonskanal for verket sitt, vil få sin rett til å kontrollere distribusjonen krenka dersom nettstaden vert blokkert, for ikkje å snakke om sin grunnlovsfesta ytringsfridom. Vedkommande kan miste både kontrollen over distribusjonen og kontakt med brukarane dersom han ikkje veit korleis ein omgår blokkeringa. Ein må difor ta alle

¹⁰<http://www.educause.edu/Resources/EfficientProcessorChillingEffe/154079>

opphavsrettsinnehavarar med materiale på nettstaden med som partar i ei sak som vedkjem sensur av ein heil nettstad. Dersom ein opphavsrettsinnehavar motset seg sensur av eige materiale, må retten vege denne sin ytringsfridom og rett til å kontrollere distribusjon av sitt verk opp mot kravet frå motparten som ynskjer heile nettstaden sensurert. Mange brukar populære nettsider for fildeling til å promotere sine eigne verk. Blant profilerte døme er den svenske rapparen Timbuktu¹¹ og den norske duoen Gatas Parlament.¹² Dei må få høve til å vere part i ei sak som kan ende med at deira kanskje viktigaste kanal for distribusjon og promotering vert blokkert for norske nett-brukarar.

Etter å ha konkludert med at eit varsel-og-fjern-system kan misbrukast, er det pussig at ein ikkje vil ha med nettstad eller original ytrar i sensursaker. Opphavsrettsinnehavarar som har finansielle musklar til å køyre ei slik sak i rettssystemet, er ofte for store til at den eine armen veit kva den andre gjer. Det er ei rekkje saker frå USA der nettstader har vorte konfiskerte etter å ha lagt ut promoteringsmateriale som dei har fått frå plateselskapa eller artistane sjølve¹³. Sensur kan føre til store tap for nettstaden, både i tap av lesarar og omdømme. Det må difor vere rimeleg at nettstaden er fullverdig part i saka, og får høve til å forsvare seg mot krav om sensur. Det same gjeld den originale ytrar, som i eit par av dei refererte tilfella frå USA var artisten sjølv. Dersom artisten sjølv dukkar opp som part mot plateselskapet, er sjansen større for å finne eit forlik som sparar rettsvesenet og internettleverandørar for mykje arbeid, og nettstader for tap.

Det veldig viktig at den som ber om å få noko blokkert kan dokumentere gyldig opphavsrett til materialet. Vi minnar på nytt om at over halvparten av krava Google mottek om å fjerne søketreff kjem frå konkurrentar.¹⁴ Det er veldig lett for eit selskap å hevde at konkurrenten nok vil ha dette fjerna når han ser at konkurrenten får god marknadsføring av det. I mange høgprofilerte saker har det vist seg at plateselskap prøvar å få fjerna innhald eller saksøke for fildeling av innhald som dei ikkje har opphavsretten til. Eit døme er saka mot The Pirate Bay i Sverige, der plateselskapet Bonnier Amigo Music Group prøvde å få erstatning for fildeling av albumet "Discokommitèn" av Max Peezy. Max Peezy eig sjølv opphavsretten til plata, og brukar The Pirate Bay til marknadsføring av sin musikk. Han reagerte kraftig mot at plateselskapet hadde misbrukt hans verk på denne måten då saka starta, og meiner det har hatt negative konsekvensar for han som artist.¹⁵

Det er viktig at opphavsretten gjeld i Noreg, sidan ulike land har ulike lover på området. Til dømes er teikningar av Skipperen framleis verna av opphavsrett i USA, men ikkje i EU¹⁶, og amerikanske lydopptak frå før 1972 er verna i Noreg, men har ulikt vern i kvar enkelt delstat i USA.¹⁷

Dersom det skal vere lov å be om blokkering av ein nettstad som inneheld materiale som

¹¹<http://www.dagensit.no/trender/article1495173.ece>

¹²<http://ballade.no/nmi.nsf/doc/art2008092414533845188372>

¹³<http://www.nytimes.com/2010/12/14/business/media/14music.html>,
<http://www.nytimes.com/2010/12/20/business/media/20music.html>

¹⁴<http://www.educause.edu/Resources/EfficientProcessorChillingEffe/154079>

¹⁵http://www.svd.se/kultur/artist-hoppar-av-pirate-bay-atalet_1137879.svd

¹⁶<http://www.time.com/time/world/article/0,8599,1872225,00.html>

¹⁷<http://www.clir.org/PUBS/reports/pub135/contents.html>

andre har opphavsrett til, må alle involverte opphavsrettsinnehavarar få høve til å uttale seg om saka før eit eventuelt pålegg om sensur vert gitt. Ein heil nettstad som vert brukt av artistar og kunstnarar til å spreie og promotere eige materiale, må ikkje kunne sperrast på grunn av overtramp frå andre. (Døme: YouTube, Myspace, The Pirate Bay.) Det vil vere i strid med grunnleggjande rettsprinsipp om vi let det vere opp til nettstaden eller internettleverandøren å forsvare andre sin opphavsrett eller grunnlovsfesta ytringsfridom.

3.7 Sletting

Departementet ynskjer å kunne påleggje internettleverandørar å slette heile nettstader som er lagra på eigne tenarar dersom den same nettstaden skal blokkerast. Dette må vere eit soleklårt brot på §100 i grunnlova. Dersom nettstaden ligg på tenaren til ein internettleverandør, kan leverandøren slette sidene som bryt opphavsretten med stor presisjon. Det er ingen tekniske grunnar til å fjerne andre ytringar eller heile nettstaden, slik det kan vere med blokkering. Sletting av heile nettstaden er difor ein uforholdsmessig streng reaksjon. Ei blokkering kan opphevast dersom det viser seg at blokkeringa er urettmessig. Ved ei sletting kan innhaldet og heile åndsverk vere tapt for alltid.

3.8 Prosess

NUUG meiner at evt pålegg om sensur må vere ei oppgåve for domstolane etter ein vanleg og rettvis rettsprosess der alle partar vert høyrde. Det skal vere ein høg terskel for sensur i Noreg, jf §100 i grunnlova, og vi meiner at domstolane er den mest truverdige garantisten for at sensuren ikkje skilir ut og vert ein formalitet. Både internettleverandørar, Medietilsynet og Klagenemnda for mediasaker kan vere oppfatta som meir utsette for politisk og økonomisk press enn domstolane, som har høg integritet og tillit som uavhengige av lovgjevande og utøvande makt etter maktfordelingsprinsippet.

Dersom det vert opp til Medietilsynet å treffe vedtak om sensur, og ei tilhøyrande klagenemnd skal handsame klager, vil NUUG vektlegge at klagenemnda må sitje på relevant teknisk kompetanse i tillegg til kompetanse på opphavsrett. Hadde bittorrent vore like enkelt som det er skildra her, hadde det kanskje ikkje vore naudsynt, men mange av mistydingane rundt korleis fildeling fungerer i praksis, vil vonaleg få færre alvorlege konsekvensar dersom nemnda har kompetanse til å ta omsyn til tekniske realitetar.

Om ikkje alle som vert råka av sensurdom eller -vedtak er høyrde på førehand, må ikkje sensur iverksetjast før dom eller vedtak er endeleg. Det kan vere snakk om å ta frå folk levebrødet, at det kan få andre konsekvensar for artistar som har vorte brukt ulovleg av plateselskap (jf Max Peezy i Sverige), eller at den viktigaste distribusjonskanalen til uskuldige tredjepartar vert råka, og dei får krenka sin einerett til å kontrollere distribusjonen av verka sine.

NUUG er samd i at ei ordning med vidareending av varselbrev med påstandar frå opphavsrettsinnehavarar ikkje har noko føre seg, i alle fall utan at ei klageordning er etablert og formalisert og det er formaliserte krav til prov frå opphavsrettsinnehavar. Selskapa som prøvar å avsløre ulovleg fildeling på nett, brukar snarvegar som er lite treffsikre. Det er

veldig lett å oppgi falske adresser, og lure selskapa til å sende varselbrev til folk ein ikkje likar.¹⁸

Forklaringa til paragraf 56c første ledd seier at materiale som krenkar andre sine rettar enn den som ber om pålegg, må reknast med. Her må presiserast at Medietilsynet då må gå grundig til verks og finne ut kva det andre innhaldet er (namnet kan lyge), kven som eig rettane og om materialet er lagt der med eller utan løyve. Det er sjeldan opplagt. Fildelingsnettstader er mykje brukt til promotering av plater, artistar, filmar og liknande, og mykje av innhaldet som ligg der lovleg kan sjåut til å krenke opphavsrettar. Medietilsynet må òg skrive kva verk dei tok omsyn til i sensurvedtaket, slik at ein kan kontrollere uavhengig i ettertid kvar materialet kom frå, og om det stemmer at opphavsretten vart broten i kvart enkelt tilfelle, samt at det utgjorde mesteparten av innhaldet på nettstaden (jf 3.2.5 i høyringsteksten).

Paragraf 56c tredje ledd i domstolssporet legg opp til at det er internettleverandørane si oppgåve å forsvare ytringsfridomen i landet, og at dei må bere kostnadene med det sjølve dersom dei legg nokon innsats i det. Forsvar av ytringsfridomen ikkje er blant kjerneoppgåvene til internettleverandørane. NUUG føreslår å oppnemne ein ombodsmann for ytringsfridomen som har som oppgåve å opptre som forsvarar for folket i sensursaker. Det vil vere til stor skade for Noreg som ein fri rettsstat dersom ugrunna påstandar frå opphavsrettsinnehavarar vert ståande uimotsagt i retten gong på gong og fordi internettleverandørane ikkje ser det som si oppgåve å vere der.

Sturle Sunde
NUUG

¹⁸Why My Printer Received a DMCA Takedown Notice http://dmca.cs.washington.edu/dmca_hotsec08.pdf